



## Notat

Dato: 06.03.2017  
Arkivsak: 2016/10616-2  
Saksbehandlar: venbar

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesordførar

---

### Mediaoppslag om russelet på Russebuss i Bergen

Fylkesordførar viser til spørsmål frå Aud Karin Oen 04.03.2017 angående medieoppslag.

*Det er store medieoppslag om russeleten som omtalar overgrep mot mindreårige, rus og sex. Russebussen Playboy 2017 består av russ frå Amalie Skram vidaregåande skule, Nordahl Grieg vidaregåande skule, Fana Gymnas og Stend vidaregåande skule. Dette er våre elevar og det er tydeleg at dei treng ein kraftig korreksjon i høve til det dei her driv på med. Reglementet til vgs omfattar ikkje aktivitetar utanom skuletida slik eg oppfattar det. Her trengs det gjerast noko. Kan ein sjå på eit etisk reglement e.l for å kunne setja stopper for slik åtferd. Me kan ikkje sitja stille og la dette gå forbi utan at ein tek affære!*

Fylkesordførar informerer om at Hordaland fylkeskommune har lang tradisjon med eit samarbeidsforum knytt til russefeiring. Ei eiga samarbeidsgruppe består av representantar for rektorane og elevinspektørane, politiet, skulehelsetenesta, Trygg trafikk, opplæringsavdelinga og hovudrussestyret i Bergen. Gjennom dette samarbeidet og ein kjent møteplan, ønskjer fylkesrådmannen å leggje til rette for ei tryggare russefeiring for avgangselevar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, slik at flest mogleg gjennomfører og består.

Å skape ein god dialog med og bidra med relevant informasjon til hovudrussestyret, er ein viktig del av arbeidet i samarbeidsgruppa. I møta har både politi og skulehelsetenesta understreka krav om at russe må kjenne til og halde seg innanfor lov, forskrift og regelverk gjennom russetida.

Russefeiringa er i privat regi og er såleis utanfor skulen og skuleeigar sitt ansvars- og styringsområde. Likevel legg skular og skuleeigar arbeid ned i å styrke det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet med tanke på tryggast mogleg russetid. Skulane ser det som ei viktig oppgåve å informere klart og tydeleg overfor foreldra, og temaet russefeiring vert ved fleire skular teke opp allereie frå vg1. Politiet er ein viktig part også når det gjeld informasjon overfor føresette.

Samarbeid med politi, helse og russestyret er prioritert for å kunne påverke til grensesetting og ansvarleggjering i høve til russefeiringa, t.d. reglar for russekutar og arrangement som held seg innan lovlege grenser. Åtferd innan skuledagen (eller som har innverknad på skulekvardagen) handterer skuleleiinga i tråd med skulen sitt ordens- og åtferdsreglementet.

I samband med medieoppslag førre veke, har det vore tett dialog mellom nemnde rektor ved Amalie Skram videregående skole, regionsleiar og politi. I media har både rektor og politiet tatt tydeleg avstand frå tekstane i den aktuelle russelåten.

I 2016 og no i 2017 har det kome russelåtar med innhald som heilt klart er uakseptable. Det vart i 2016 og no i 2017 klart markert at slike tekstar og slike handlingar gjer at ein vanskeleg kan samarbeide med russestyret eller russepresidentar. Både i 2016 og i 2017 har markering frå skuleleiing og skuleeigar ført til endringar i opplegget som russeren er ansvarleg for. Dei fleste elevane tek nok avstand frå haldningane og frå den aktuelle russelåten. Markeringa av grenser og kritikken mot teksten i russelåten har bidrege til at teksten vert justert.

Fylkesordførar ser det som viktig å vurdere skuleeigar sitt framtidige samarbeid med russestyret.